



Deres ref:

Vår ref:
2020/590

Sakshandsamar:
Beate Marie Dahl Eide

Arkivkode:

Dato:
15.03.2020

Pressemelding

Godkjent av (x)	Ordfører	x	Rådmann	x	Kommunelege	x
-----------------	----------	---	---------	---	-------------	---

Pressemelding – Seljord kommune – Korona – Covid 19 – 15.03.2020

Seljord kommune innfører i dag 15.03.2020 eit karantenepåbod for reisande frå ei rekkje andre stadar i landet.

Ordfører Beate Marie Dahl Eide seier at karantenepåbodet i første omgang gjeld Oslo, Agder, Rogaland, Viken, Innlandet, Vestland og Trøndelag. Områda dette gjeld er dei i Noreg som har størst utbreidd smitte og at det difor er naudsynt å iverksette karantene for reisande frå desse områda.

Det vert òg vurdert karantenepåbod når det gjeld øvrige delar av Vestfold og Telemark fylke.

Vedtaket vil gjelde med tilbakeverkande kraft frå 10. Mars. Karantenetida er sett til 14 dagar.

Dette betyr at alle som var i desse fylka 10.mars eller seinare må vere i heimekarantene i 14 dagar, på same måte som alle som har vore i utlandet. Karantenepåbodet gjeld alle som reiser inn til Seljord, også dei som pendlar til arbeid utanfor kommunen.

Seljord kommune har gjennom kommuneoverlege Kine Jordbakke også teke initiativ til at dette vert eit felles karantenepåbod i Øvre Telemark, og ventar no på attendemelding frå dei andre kommunane på dette.

Ordfører Beate Marie Dahl Eide ber alle som bor i Seljord vurdere om reisene sine ut av kommunen er strengt nødvendig dei neste vekene:

- Det er alvor no. Vi må alle gjere det vi kan for å hindre smitta i å spreie seg. Vi har framleis ein handterbar smittesituasjon i vårt område, men dette kan raskt forandre seg. Akkurat no må vi alle godta alvorlege innskrenkingar på kvardagslivet vårt. Livet vil kunne gå som normalt att, men no er det tid for dagnad og å innsjå alvorlet i situasjonen.

Ordføreren oppmodar innstendig om at alle set seg inn i dei nasjonale føringane og respekterer påbod om heimekarantene og heimeisolasjon.

Vh

Beate Marie Dahl Eide
Ordfører

Kine Jordbakke
Kommuneoverlege



Vanar som førebyggjer **smitte**



Papirlommetørkle

framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet etterpå. Vask så hendene.

Bruk olbogekroken

når du må hoste eller nyse og ikkje har papirlommetørkle for handa.



Vask hendene

ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.

Handdesinfeksjon

med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.

